

November  
2015

# Søknad om konsesjon for bygging av Solheim kraftverk

SOLHEIM KRAFTVERK AS

v.Ola Solheim Telf: 95209407  
e-post:ola.solheim@sfj.no

NVE - Konesjons-og tilsynsavdelinga

Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo

## Søknad om konsesjon for bygging av Solheim kraftverk

Solheim kraftverk AS ønskjer å nytte vassfallet i Storelva i Gloppen kommune i Sogn og Fjordane fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

### I Etter vassressurslova, jf. §8, om løyve til:

-å bygge Solheim kraftverk

-å regulere Solheimsvatnet mellom LRV på kote 318 og HRV på kote 319,5

### II Etter energilova om løyve til:

-bygging og drift av Solheim kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer som vist i søknaden.

Kraftverket blir tilknytt det eksisterande 22 kV-nettet og det vert inngått avtale om bygging og drift av høgspenningsanlegget med områdekonsesjonæren SFE Nett AS.

Naudsynt informasjon om tiltaket går fram av vedlagde utgreiing. Vi ber om ei snarleg handsaming av søknaden.

Med helsing

Solheim kraftverk AS

Ing. Ola Solheim

6829 HYEN – 57 86 96 64 – 95 20 94 07 - ola.solheim@sfj.no

23.11.2015

*Ola Solheim*



## Samandrag

### Solheim kraftverk:

Solheim kraftverk er planlagd i Storelva med kraftstasjonen lokalisert ved Storefjorden på Solheim i Gloppen kommune. Følgjande hovuddata gjeld for anlegget:

I Installert effekt: 1,2 MW

II Årsproduksjon: 3,74 GWh

III Brutto fallhøgde: 193 m

IV Røyrgate: Lengde ca. 1400 m, diameter 600 mm, nedgravd i heile lengda

Det er ingen overføringar i anlegget. Solheimsvatnet er tenkt brukt som magasin ved å oppgradere eldre eksisterande damanlegg. Dette vil gje eit magasin på 0,1 mill m<sup>3</sup>. I samband med kartlegging av andre brukarinteresser, kulturminne eller landskapsmessige tilhøve i tilknytning til utbygginga, er det ikkje registrert negative konsekvensar ved gjennomføring av utbygginga. Tiltaket vil ikkje medføre endringar for inngrepsfrie områder (INON). Tiltaket er vurdert som positivt for landbruket og busetjinga på Solheim.

I samband med registrering av biologisk mangfald i området vart det ikkje registrert verdifulle naturtypar eller truga vegetasjonstypar i planområdet. Det vart heller ikkje registrert spesielt viktige biologiske mangfaldsverdiar. Følgjande raudlista arter av fuglar kan opptre: sangsvane, vipe, kongeørn, fjellvåk og hønehauk. Konsekvensane for det biologiske mangfaldet ved ei utbygging er vurdert som middels negative.

Som ein del av dei avbøtande tiltaka er det foreslått å sleppe minstevassføring:

- Sommar (1. mai- 30. september) 0,015 m<sup>3</sup>/s (alm. lågvassføring)
- Vinter (1. oktober- 30. april) 0,01 m<sup>3</sup>/s (5-perspentil vintervassføring)

## Innhold

Søknad om konsesjon for bygging av Solheim kraftverk .....	1
1 Innleiing .....	5
1.1 Om søkjaren.....	5
1.2 Grunngeving for tiltaket .....	6
1.2.1 Historikk.....	6
1.3 Geografisk plassering av tiltaket .....	6
1.4 Skildring av området .....	7
1.5 Eksisterande inngrep.....	8
1.6 Samanlikning med andre nedbørfelt/nærliggjande vassdrag.....	8
2 Omtale av tiltaket .....	12
2.1 Hovuddata.....	12
2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet .....	14
2.2.1 Hydrologi og tilsig .....	15
Informasjon om sammenligningsstasjonen som skal benyttes som grunnlag for hydrologiske- og produksjonsmessige beregninger i konsesjonssøknaden .....	15
Feltparametre for kraftverkets og sammenligningsstasjonens nedbørfelt .....	15
2.2.2 Overføringer .....	19
2.2.3 Reguleringsmagasin .....	19
2.2.4 Inntak.....	20
2.2.5 Vassveg .....	20
2.2.6 Kraftstasjon .....	21
2.2.7 Køyremønster og drift av kraftverket.....	22
2.2.8 Vegbygging .....	22
2.2.9 Massetak og deponi.....	23
2.2.10 Nettilknytning (kraftlinjer/kablar).....	23
2.3 Kostnadsoverslag.....	24
2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket.....	25
2.5 Arealbruk og eigeomsforhold.....	25
2.6 Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar .....	26
3 Verknader for miljø, naturressursar og samfunn.....	28
3.1 Hydrologi (verknader av utbygginga) .....	28
3.2 Vasstemperatur, istilhøve og lokalklima .....	32
3.3 Grunnvatn .....	32
3.4 Ras, flaum og erosjon .....	33
3.5 Raudlistearter.....	33
3.6 Terrestrisk miljø .....	34
3.7 Akvatisk miljø .....	35

3.8	Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag.....	36
3.9	Landskap og inngrepsfrie naturområder (INON) .....	36
3.10	Kulturminne og kulturmiljø.....	39
3.11	Reindrift.....	40
3.12	Jord- og skogressursar .....	40
3.13	Ferskvassressursar .....	40
3.14	Brukarinteresser.....	41
3.15	Samfunnsmessige verknader .....	41
3.16	Kraftlinjer .....	42
3.17	Dam og trykkroyr .....	42
3.18	Ev. alternative utbyggingsløysingar .....	42
3.19	Samla vurdering.....	43
3.20	Samla belastning.....	43
4	Avbøtande tiltak .....	44
5	Referansar og grunnlagsdata .....	49
6	Vedlegg til søknaden .....	49

# 1 Innleiing

## 1.1 Om s kjaren

Solheim kraftverk AS er selskap under stifting, og st r som s kjar og vil f rest  utbygging og drift av kraftverket.

Selskapet er eit privat aksjeselskap eigd av dei grunneigarane som har fallrettar i prosjektet.

Kontaktperson: Ola Solheim 6829 Hyen

Telf: 95209407

e-post: ola.solheimsfj.no

### Fallrettseigarar:

Br.nr	Namn	Adresse	Postnr/-stad	Eigardel
1	Bodil og Olav Klungre	Solheim	6829 Hyen	13,005
2	Jan Nordal	Solheim	6829 Hyen	4,577
3	Ola Solheim	Solheim	6829 Hyen	19,136
4	Erik Ommedal	Heimset	6829 Hyen	19,495
5	Martin Holme	Solheim	6829 Hyen	17,595
6	Olav K�re Solheim	Solheim	6829 Hyen	11,737
7	Jan Harald Pedersen	Solheim	6829 Hyen	8,924
8	Stein Joar Solheim	Klovne 10	6800 F�rde	1,672
11	Liv Annbj�rg Hauk�s m. fl	Digreneset 20	6900 Flor�	0,191
12,13	Magnar Holme	Solheim	6829 Hyen	0,310
15	Ragni Solheim	Solheim	6829 Hyen	0,048
18	Kjellaug Solbakk	Lenningsv. 8	8900 Br�nn�ysund	0,865
19	Ragni Solheim	Solheim	6829 Hyen	0,239
24	Ann-Magritt Solheim og Gunn Solheim	Drammensveien 56 A	0271 Oslo	2,206
Sum				100,000

## 1.2 Grunngeving for tiltaket

Tiltaket har som føremål å nytte naturressursane i vassdraget ved å produsere elektrisk kraft. Ei utbygging av Storelva vil gje grunnlag for lokal verdiskaping i utbyggingsperioden, og sikre busetting og drift av gardsbruka i framtida.

Dei fleste av grunneigarane som står bak tiltaket har jordbruk som næringsveg. Lønsemda innan jordbruket er svak, og føremålet med tiltaket er å styrke busetting og næringsgrunnlag. I tillegg er gardane på Solheim i Hyen små og tungdrivne. Difor er det med noverande framtidsutsikter vanskeleg for den yngre generasjonen å overta drifta og busette seg i bygda. Så langt ein kjenner til er tiltaket tidlegare ikkje vurdert etter vassressurslova.

### 1.2.1 Historikk

Frå gammalt av (frå før 1900) har Solheimsvatnet vore oppdemt og brukt som reguleringsmagasin for aktivitetar langs Storelva; som sagbruk, kvernhus og stampe. Leivningane av desse damanlegga viser tydeleg den dag i dag.

Sidan området rundt Solheimsvatnet er relativt flatt, var arealet av vatnet ved høgste vasstand betydeleg større enn i dag. Dette viste seg å ha ein positiv effekt på fiskebestanden i vatnet. Solheimsvatnet var mykje nytta til matauk, og der var naust og fleire båtar i bruk.

Tidleg på 1950-talet forsterka grunneigarane på Solheim damanlegga i Solheimsvatnet og bygde eit eige kraftverk ved Storefjorden. Dette var i drift nokre år, men vart nedlagt då Gloppen Energiverk førte straumliner gjennom Vestre Hyedalen mot Flora kommune. Damanlegga i Solheimsvatnet var nokre år ikkje i aktiv bruk, men verka som flaumdemping og gav jamnare vasstand i Storelva.

I byrjinga av 1960-talet vart hovuddemninga i Solheimsvatnet sprengt med dynamitt for å skaffe vatn til ei gardssag i ein tørkeperiode. Hadde ei slik hending skjedd i dag, ville det vorte stempla som miljøkriminalitet. Konsekvensane for fiskebestanden vart katastrofal. Vassnivået vart no stort sett liggande på lågaste vasstand, berre i flaumperiodar steig vatnet litt. Fiskebestanden vart soleis utestengt frå dei gode beiteområda i sivet rundt Solheimsvatnet. Ein kom inn i ein vond sirkel med dårlegare kvalitet på fisken, mindre uttak og eit overbefolka vatn. Om lag slik er stoda også i dag.

Med den tradisjonelle bruken av vassdraget som bakgrunn, ønskjer vi no å byggje opp igjen damanlegga i Solheimsvatnet etter dagens standard, og nytte fallet mellom Solheimsvatnet og Storefjorden til kraftproduksjon. Vi ønskjer også å nytte Solheimsvatnet som reguleringsmagasin mellom kote 318 og 319,5. Dette for å dempe dei store svingingane i vassføringa som er typisk for korte vassdrag på vår kant av landet, og for å auke talet på driftstimar for Solheim kraftverk.

## 1.3 Geografisk plassering av tiltaket

Utbyggingsområdet ligg på Solheim i Vestre Hyen, 20 km vest for Hyen sentrum i Gloppen kommune i Sogn og Fjordane. Storelva renn ut i Storefjorden (Eimhjellevatnet), vassdragsnr. 085.G21, som igjen er ein del av Oselvvassdraget 085. Eimhjellevatnet har i følge nve.atlas løpenr. 1756 og magasinr. 543. Totalt areal er på 11, 5216 km<sup>2</sup>. Det vert elles vist til Oversiktskart 1:5000, Vedlegg 2, og Detaljert kart over utbyggingsområdet 1: 500, Vedlegg 3, samt fig.7 i søknaden.

## 1.4 Skildring av området

Storelva er ei mindre sideelv i Osenvassdraget, vassområde 085, med utløp frå

Solheimsvatnet kote 318, og avløp til Storefjorden kote 125. Elva får tilsiget frå fjellområda på sørsida av Eggene og Blåfjellet og omliggande område. Mesteparten av dette drenerer til Solheimsvatnet gjennom Løkjeeva, som renn inn i vatnet i nordaustlege enden. Nedbørfeltet er 4,1 km<sup>2</sup> og medel årsavløp er 0,41 m<sup>3</sup>/s ved utløpet i Storefjorden.

Dei høgaste fjelltoppane i nedbørsfeltet er Eggene og Britelia på nær 800 moh. Dei høgareliggande fjellområda har eit tynt og usamanhengande lausmassedekke, eller bart fjell. Nederst i dalen er området prega av kulturlandskap med plantefelt, gardsbruk, vegar og kraftlinjer.

Klimaet er oseanisk og årsnedbøren er i medel 2500 mm (nedbørnormalen for stasjon 5764 Solheim i Gloppen).

Naturgeografisk høyrer Storelva sitt nedbørfelt til region 35d; *Fjellregionen i sørlege del av fjellkjeda*, under-region *Jotunheimen*. Området har likevel størst likskap med tilgrensande region i sørvest; region 37d; *Vestlandets lauv- og furuskogsregion*, underregion *Sogn og Fjordanes ytre og midtre fjordstrøk*. Vassdraget omfattar høgdegradienten frå Storfjorden kote 123 til fjellområder nærmare 800 moh. Dei lågtliggande områda inngår i den *sørboreale vegetasjonssona*, medan områda høgare opp i nedbørfeltet inngår i den *mellomboreale vegetasjonssona*. Dei nederste partia høyrer til den *klart oseaniske seksjonen*, dei øverste partia den *sterkt oseaniske seksjonen* (Moen 1998).

Vegetasjonen i planområdet har gjennomgåande eit fattig preg og er dominert av vanlege arter. Oseaniske floraelement er godt representerte. Enkelte parti er tilplanta med gran. Furu og bjørk er vanlegaste treslag. Furu dominerer i høgareliggande deler av planområdet, deriblant områda kring Solheimsvatnet. Bjørk er vanlegast i meir lågtliggande område, som i stor grad består av kulturlandskap. Her inngår også ein del andre lauvtreslag som; gråor, hegg, rogn, osp, selje, hassel og øyrevier. Mange av plante-artane som er registrert, opptrer berre i tilknytning til vegkantar og jordbruksareal.

Det er ikke registrert *trua vegetasjonstyper* innenfor definert planområde (jf. Fremstad & Moen 2001).

Ved Solheim nær utløpet til Storefjorden er området prega av tradisjonell gardsdrift med spreidd busetnad. Ved det planlagde kraftverket er det beitemark og ekstensive jordbruksareal.

Utbyggingsstrekninga er prega av vekselvis fossar og mindre stryk, og flatare områder der Storelva renn roleg. Siste strekninga forbi gardane på Solheim har det brattaste fallet, før elva flatar ut før utløpet i Storefjorden. I dalsida ved Solheim renn ein sidebekk, Tverrelva, inn i Storelva. Denne bekken har sitt tilsig frå dei meir austlege fjellområda i nedbørsfeltet, og vil gje auka restvassføring i nedre del av Storelva etter ei utbygging. Elveløpet er dominert av større steinar og fast fjell, unnateke dei siste 50 meter der elva renn gjennom grove morenemasser.



## 1.5 Eksisterande inngrep

I den delen av Osenvassdraget som ligg i Gloppen kommune vart Sagefossen og Skogheim kraftverk bygde i 1986-1987. Utbyggjar var Sogn og Fjordane Energi (SFE). Som eit resultat av dette er Storefjorden senka inntil to meter under normal vasstand i vinterhalvåret. I tida mellom 15. mai og 15. september skal vasstanden så vidt mogleg ikkje senkast lågare enn til kote 124,5 (maksimalmregulering 0,67 m).

I samband med utbygginga av desse kraftverka vart det også bygd ny 22-kV kraftlinje gjennom planområdet.

I området rundt Storelva og Solheimsvatnet er det etter nyttårsorkanen i 1992 bygd ein del skogsvegar for opprydding etter stormfelling. Dette vegnettet kryssar Storelva på to plassar. Skogsområda rundt er såleis påverka av ein del tømmerhogst.

Det er også ein del utplanta granfelt med ein snittalder på vel 40 år.

## 1.6 Samanlikning med andre nedbørfelt/nærliggjande vassdrag



Figur 1: Nærliggjande vassdrag

I bygda Hyen i Gloppen kommune er det bygd ut til saman fem kraftverk av varierende storleik:

**Sagefossen og Skogheim kraftverk:** Utbygd av Sogn og Fjordane Energi AS, og sett i drift i 1986 (Sagefossen) og i 1987 (Skogheim). Begge er magasinkraftverk som nyttar vassressursane og fallet i Storevatnet, Krokstadvatnet og Storefjorden - alle i Osenvassdraget mellom Sunnfjord og Nordfjord. Sagefossen kraftverk nyttar det 63 meter høge fallet mellom Storefjorden og Krokstadvatnet. Installert effekt er 10,2 MW. Storefjorden vert nytta som reguleringsmagasin, og vert tappa ned to meter i vinterhalvåret. Skogheim kraftverk ligg ved austenden av Storefjorden, og nyttar det 345 meter høge fallet frå Storevatnet. Installert effekt er på 8 MW. Den totale midlere årsproduksjonen for begge kraftverka er på 81 GWh.

**Heimseta kraftverk:** Det nærmaste av småkraftverka i Hyen. Heimsetelva er ei av fleire elvar som renn inn i Storefjorden på austsida. Vassdraget som omfattar Røyrvikestøylsvatnet, Røyrvikevatnet og Slåttestøylsvatnet, har eit samla nedbørsfelt på 23,5 km<sup>2</sup>. Fallet i Heimsetelva mellom Slåttestøylsvatnet og Storefjorden er utbygd av Heimseta Kraftverk AS, og har ein årleg middelproduksjon på 4,8 GWh, fordelt på 2,3 GWh vinterproduksjon, og 2,6 GWh sommarproduksjon. Kraftverket nyttar ei brutto fallhøgde på 50 m mellom Slåttestøylsvatnet og Storefjorden.

**Brekkefossen kraftverk** er eit elvekraftverk ved Hope i Vestredalen, ca. fem km frå Hyen sentrum. Dette kraftverket nyttar eit fall på 68 meter i Hopselva. Installert effekt er 3,9 MW på to francisturbinar. Årsproduksjon er 18 GWh.

**Tjøtaelva kraftverk:** Ligg på Holme ved Hyefjorden. Tjøtaelva er ei typisk flomelv som ligg utilgjengeleg til i dei bratte fjellsidene ned mot fjorden. Delvis svært bratt terreng, med ei fallhøgde på 383 meter, og 3 km<sup>2</sup> nedbørsfelt. Installert effekt er på 2,3 MW, og årsproduksjon 8,1 GWh.

**Rognkleiv kraftverk:** Elvekraftverk i Austredalen i Hyen med installert effekt på 3 MW og årsproduksjon på 11 GWh. Nyttar eit fall på 190 meter i Rongkleivelva. Byggeår 2006.

I tillegg til desse kraftverka i drift, er det planer om fleire små og større utbyggingar i området. Det mest omfattande og det som er konsesjonssøkt er **Gjengedal kraftverk** i Austredalen i Hyen. Sogn og Fjordane Energi Produksjon AS har søkt NVE om konsesjon for å byggje ut Gjengedalsvassdraget for å nytte fallet mellom Dalevatnet og foten av Gjengedalsfossen. Søknaden vert presentert som to alternativ, der alternativ 1 omfattar regulering av Dalevatnet og Storevatnet innanfor naturlege variasjonar i vasstanden. Alternativ 2 omfattar berre regulering av Dalevatnet innanfor naturleg vasstandsvariasjonar. For begge alternativa vil nedbørfeltet ved inntaket være på 82,4 km<sup>2</sup>. Kraftverket vil få installert effekt på 51 MW og årleg middelproduksjon er berekna til 152,0 GWh for alternativ 1 og 146,6 GWh for alternativ 2.

I samband med planane om utbygging av Gjengedal kraftverk har Sogn og Fjordane Nett AS søkt om konsesjon for bygging av ny 132 kV kraftlinje frå Gjengedal til eksisterande 132 kVnett aust i Flora kommune. Denne linja kan i si tid utløyse kapasitet for fleire småkraftverk i Hyen-området. Desse framtidige prosjekta vert ikkje omtala her, då konsesjonsbehandligna av Gjengedal kraftverk og ny 132kV linje ikkje er avslutta. Det er viktig å påpeike at utbygging av Solheim kraftverk ikkje er avhengig av denne nye linja. Kapasiteten på nettet til vår utbygging er sikra, sjå vedlegg 8 - uttale frå Sogn og Fjordane Nett AS.

Det er også planlagt ei rekke andre småkraftverk i området. Søknaden til Solheim kraftverk inngår i en småkraftpakke på 12 søknader i Gloppen kommune. Alle søknadane skal samkøyrast og ut på felles høying vinter 2015-2016.

Gloppenpakken:

Traudalen kraftverk 5542: Traudalen kraftverk AS. 7,00 GWh. Installert effekt 1,00 MW

Haugaelva kraftverk 6076: Norsk Grønnkraft AS. 7,10 GWh. Installert effekt 2,20 MW

Kaldeelva kraftverk 6232: Småkraft AS. 15,20 GWh. Installert effekt 4,95 MW.

Landedalselva kraftverk 6420: Moane kraft SUS. 6,81 GWh. Installert effekt 0,99 MW.

Øyrane kraftverk 7024: Røyrvik kraft AS. 10,59 GWh. Installert effekt 2,65 MW.

Røyrvik kraftverk 7031: Røyrvik kraft AS. 4,94 GWh. Installert effekt 1,40 MW.

Ommedal kraftverk 7072: SFE produksjon. 16,60 GWh. Installert effekt 5,00 MW.

Skorgeelva kraftverk 7245: Skorgeelva kraft AS. 7,05 GWh. Installert effekt 2,50 MW.

Sessaelva kraftverk 7246: Torill Solheim Holme. 6,63 GWh. Installert effekt 2,45 MW.

Rauset kraftverk 7276: Rauset kraft AS. 10,35 GWh. Installert effekt 3,45 MW.

Kvitefella 2 kraftverk 7278: Kvitefella kraftverk AS. 2,61 GWh. Installert effekt 1,25 MW.




Fig 2: Kraftutbygging i Gløppen kommune.

I høve til mange av dei omtala kraftverka i nærområda, har Solheim kraftverk nokså lite nedbørsfelt (4,1 km<sup>2</sup>). Det er sjølvsagt at dei kraftverka som ligg ved utløpa av dei lange dalføra i området (Sagefossen, Brekkefossen) vil ha mykje større tilsig enn sideelvane. Difor er det viktig for lønsemda i dette prosjektet at ein kan nytte Solheimsvatnet som eit reguleringsmagasin for å dempe flaumtoppar og få fleire driftstimar for kraftverket. Dette er også viktig fordi denne sideelva (Storelva) til Osen-vassdraget er kort, og store nedbørsmengder drenerer fort gjennom vassdraget pga. topografi og terrengforhold.

Som vist elles i søknaden har Solheimsvatnet også i tidlegare tider vore nytta som magasin til den tids bruk av vassressursane. Både estetisk og for fiske-interessene i vatnet ville ei oppbygging av dammen i Solheimsvatnet vere positivt.

Hydrologiske forhold er nokså samanfallande for områda, med ein årsnedbør mellom 2500-3000 mm/år (nedbørsnormalen for Eimhjellen målestasjon. 2760 mm). Ein forholdsvis stor del av årsnedbøren kjem normalt i haust- og vintermånadane. Topografisk er det mange likskapar mellom Solheim og dei omtala nærområda. Vestredalen i Hyen mot Flora kommune er åpnare og i større grad prega av store vassflater som Storefjorden og Krokstadvatnet. Terrenget er meir dramatisk med større høgdeforskjellar og trongare U-dalar i austlege delen av Hyen-området. Viser elles til avsnitt 3.9 *Landskap og inngrepsfrie naturområde*.

## 2 Omtale av tiltaket

### 2.1 Hovuddata

#### Solheim kraftverk, hovuddata

<b>TILSIG</b>		Hovudalternativ
Nedbørfelt*	km <sup>2</sup>	4,1
Årleg tilsig til inntaket	mill.m <sup>3</sup>	12,93
Spesifikk avrenning	l/s/km <sup>2</sup>	100
Middelvassføring	m <sup>3</sup> /s	0,41
Alminnelig lågvassføring	m <sup>3</sup> /s	0,015
5-persentil sommar (1/5-30/9)	m <sup>3</sup> /s	0,015
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m <sup>3</sup> /s	0,01
Restvassføring**	m <sup>3</sup> /s	0,07
<b>KRAFTVERK</b>		
Inntak	moh.	318
Magasinvolument	m <sup>3</sup>	
Avløp	moh.	127
Lengde på råka elvestrekning	m/km	1600
Brutto fallhøgd	m	191
Gjennomsnittleg energiekvivalent	kWh/m <sup>3</sup>	0,29
Slukeevne, maks	m <sup>3</sup> /s	0,82
Slukeevne, min	m <sup>3</sup> /s	0,08
Planlagt minstevassføring, sommar	m <sup>3</sup> /s	0,015
Planlagt minstevassføring, vinter	m <sup>3</sup> /s	0,01
Tilløpsrøyr, diameter	mm.	600
Tunnel, tverrsnitt	m <sup>2</sup>	-
Tilløpsrøyr, lengde	m	1400
Overføringsrøyr/tunnel, lengde	m	-
Installert effekt, maks	MW	1,2
Brukstid	timar	3318

<b>REGULERINGSMAGASIN</b>		
Magasinvolum	mill. m <sup>3</sup>	0,1
HRV	moh.	319,5
LRV	moh.	318
Naturhestekrefter	nat..hk	72
<b>PRODUKSJON****</b>		
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	1,401
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	2,341
Produksjon, årleg middel	GWh	3,742
<b>ØKONOMI</b>		
Utbyggingskostnad (2014)	mill. kr	15.945
Utbyggingspris (2014)	Kr/kWh	4,26

\*Totalt nedbørfelt, inkl. overføringar, som nyttast i kraftverket

\*\*restfeltet sin middelvassføring like oppstrøms kraftstasjonen.

\*\*\* Netto produksjon der foreslått minstevassføring er trekt frå.

<b>Solheim kraftverk, Elektriske anlegg</b>		
<b>GENERATOR</b>		
Yting	1,35 MVA	
Spenning	0,58 kV	
<b>TRANSFORMATOR</b>		
Yting	1,35 MVA	
Omsetning	0,58/22kV/kV	

<b>NETTILKNYTING (kraftliner/kablar)</b>		
Lengd	0,4 km	
Nominell spenning	22 kV	
Luftline el. jordkabel	Jordkabel	

## 2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet



*Bilde 1. Mot austenden av Solheimsvatnet med restar av gamle dammen.*

## 2.2.1 Hydrologi og tilsig

### Informasjon om sammenligningsstasjonen som skal benyttes som grunnlag for hydrologiske- og produksjonsmessige beregninger i konsesjonssøknaden

Stasjonsnummer og stasjonsnavn <sup>i</sup>	80.4 Ullebøelv
Skaleringsfaktor <sup>ii</sup>	0,48
Periode med data som er benyttet	1964-1993
Totalt antall år med data	30
Er sammenligningsstasjonen uregulert? <sup>iii</sup>	Ja

### Feltparametre for kraftverkets og sammenligningsstasjonens nedbørfelt

	Nedbørfelt ovenfor inntak		Sammenligningsstasjonens nedbørfelt <sup>iv</sup>	
Areal (km <sup>2</sup> )	4,1		8,46	
Høyeste og laveste kote (moh)	799	319	905	325
Effektiv sjøprosent <sup>v</sup>	2 %		4 %	
Breandel (%)	0		0	
Snaufjellandel (%) <sup>vi</sup>	65		80	
Hydrologisk regime <sup>vii</sup>	Tilsiget varierer med nedbør og snøsmelting. Flaumar kan inntreffe til alle årstider, men mest sannsynlig om vår eller haust.			
Middelavrenning/ midlere årstilsig (1961-1990) fra avrenningskartet <sup>viii</sup>	0,41 m <sup>3</sup> /s		0,84 m <sup>3</sup> /s	
	100 l/s km <sup>2</sup>		99 l/s km <sup>2</sup>	
	12,93 mill m <sup>3</sup>		26,52 mill m <sup>3</sup>	
Middelavrenning (1964-1993) for sammenligningsstasjonen beregnet i observasjonsperioden <sup>ix</sup>	-----		0,84 m <sup>3</sup> /s	99 l/s/km <sup>2</sup>
Kort begrunnelse for valg av sammenligningsstasjon	Begge feltene kan sies å være dominert av kystnært klima med hurtige variasjoner i vassføringen, men med noenlunde jevn fordeling over året.			

Hydrologiske data og analyser er innhenta frå SFE Produksjon AS. Det er ikkje utført målingar av vassføringa i Storelva. Ved utrekning av nedbørsdata er målestasjonen i vassdraget 080.4 Ullebøelva brukt som samanlikning. Denne stasjonen ligg sør for Solheim, og har eit nedbørfelt som er vel dobbelt så stort som Storelva. For begge elvane vil tilsiget variere mykje med snøsmelting og nedbør. Flaumar er mest vanleg om vår og haust, men kan inntreffe til alle årstider. Tidsserien ved Ullebøelva går over 30 år, og kvaliteten på data er tilfredsstillande. Denne målestasjonen gjev derfor eit godt grunnlag for estimering av dei hydrologiske forholda i Storelva. Skalert for areal og avrenning er skaleringsfaktoren berekna til 0,48.




**Hovuddata:**


	Eining	
Nedbørsfelt (innteikna på kart, Vedlegg1)	km <sup>2</sup>	4,1
Restfelt (innteikna på kart, Vedlegg1)	km <sup>2</sup>	1,0
Spesifikk avrenning	l/s/km <sup>2</sup>	100
Normaltilsig	l/s	410
Tilsig frå restfelt	l/s	70
Magasin Solheimsvatnet	m <sup>3</sup>	100.000
Lengde vassveg	m	1400
Diameter tilløpsrør	mm	600

**Fordeling over året:**

Data for fordeling over året er henta frå måleserien for Ullebøelv i perioden 1964-1993. Avrenninga gjennom året er prega av vårflaum opp mot ca.1 m<sup>3</sup>/s i perioden mai-juni. Også hausten frå september til desember har flaumvassføring på opptil det dobbelte av normaltilsiget. Lågvassføring oppstår normalt på ettersommaren juli-august, og på etterjulsvinter/tidleg vår februar-april.



Figur .: Vassføringsvariasjonar før utbygging for tilsiget til inntakspunkt.



Figur 4: Varighetskurve, kurve for flomtap og for tap av vatn i lavvassperioden (år)

#### Kraftverket si største og minste slukeevne

	Maks	Min
Kraftverket si slukeevne (m <sup>3</sup> /s)	0,82	0,08

For ytterlegare data for hydrologi og tilsig viser ein til vedlagt skjema: "Dokumentasjon av hydrologiske forhold for små kraftverk."



Bilde 2. Lågvassføring Storelva ettervinter

**Restfelt:**

Inntaket og kraftverkets høyde (moh)	<b>318</b>	<b>127</b>
Lengde på elva mellom inntak og kraftverk (m)	1600	
Restfeltet sitt areal	1 km <sup>2</sup>	
Tilsig frå restfeltet ved kraftverket (m <sup>3</sup> /s)	0,07	

Restfeltet er på 1,0 km<sup>2</sup>, sjå oversiktskart Vedlegg 1. Middelvrenninga frå restfeltet er estimert til 70 l/s, totalt 2,21 mill m<sup>3</sup> pr. år. Dette tilsiget vil renne i elveløpet til Storelva, og vil komme i tillegg til den planlagde minstevassføringa på 0,015 m<sup>3</sup>/s i perioden 1/5-30/9, og 0,01 m<sup>3</sup>/s i perioden 1/10- 30/4.


## 2.2.2 Overføringer

Det er ikkje planlagt overføringer av vatn frå sidebekkar eller andre vassdrag.

## 2.2.3 Reguleringsmagasin

Neddemt areal er berekna til ca. 84 350 m<sup>2</sup> og oppdemt vassvolum er rekna til til 100 000m<sup>3</sup>. Det arealet som vert neddemt er frå før prega av variasjonar i vasstanden frå tidlegare reguleringar. HRV vert 319,5 og LRV blir 318. Dette er om lag same magasinering som det gamle kraftverket på Solheim gjorde seg nytte av.

Naturlig vasstand ligg om lag 0,4 m over LRV. LRV ligg på om lag same nivå som det ein kan sjå etter ein lang periode utan nedbør på ettersommaren. Det er ikkje gjort berekningar på kor stort areal som vert tørrlagt ved senking av vasstanden 0,4 m frå naturlig vasstand (318,4). Under jordskiftesaka om fallrettar vart det rekna på kor stor nytte ein hadde av ei oppdemming av Solheimsvatnet med 2m; «Til sist synest andel av fallet for oppdemningsdelen, der det er rekna ein effekt på 10,685% ved ei slik regulering av Solheimsvatnet. Grunnlaget for dette prosenttalet, er ei kalkulert auke i middel årsproduksjon frå 3,34 GWh utan regulering, til 3,742 GWh med regulering» Differansen er på 0,40 GWh.



Figur 3: Reguleringsmagasin Solheimsvatnet ved 1,5 m oppdemming.

## 2.2.4 Inntak

Kraftverket får inntak i austre enden av Solheimsvatnet med overløp på ca. kote 319,5. Det er tenkt bygd ein betongdam over utløpselva (Storelva) med steinplastring på utsida. Frå utløpselva vert det laga ein open kanal fram til kraftverksinntaket, som består av mindre betongkonstruksjonar med inntaksrist og stengeventil. Damtypen er planlagt som platedam med avstivande ribber. Dammen vert forankra til fjell med fjellboltar.

Ved dammen finst det ein naturleg avsats i elveløpet, med fjell på begge sider. Det var også her den gamle dammen var plassert. Total damlengde er målt til om lag 12 m. Dammen vert støypt inn mot fjell på begge sider av utløpet av Solheimsvatnet. Damhøgda blir om lag 3 m.




Fig. 4. Viser tenkt anordning for planlagt minstevassføring.

## 2.2.5 Vassveg

### Røyrgate

Frå inntaket vert det lagt om lag 1400 m langt tilløpsrør av glassfiberarmert plast og duktilt støypejern med diameter 600 mm ned til kraftstasjonen. Røret vert lagd på sørsida av Storelva og kryssar fylkesveg 615 omtrent ved kote 180. Røret blir overalt lagd i grøft og overfylt med lausmassar.

Vi har hatt telefonisk kontakt med Statens vegvesen om kryssing av vegen. Ved konkret søknad tek dei stilling til graveløyve innan 3 veker. Det er vanlegvis ikkje noko problem å få graveløyve, men normalt vil det ikkje vere høve til å krysse vegen med ordinær grøft dei første åra etter at det er lagt nytt dekke på vegen. Dei vurderer i kvar enkelt høve om det skal krevjast boring under vegen. Det er setjingsskader i vegbana like ved kryssingspunktet. Det kan godt tenkast at kryssing av vegen med grøft kan takast samtidig med masseutskifting av vegfundamentet.

Røret blir overalt lagd i grøft og overfylt med lausmassar. Vi planlegg revegetering med same type plantar som har vore lokalt i nærområdet. I dei øvste partia av røyrkata er det ynskje om å nytte deler av røyrkata til skogsveg.

Grunnforholda er hovudsakleg lausmasse, men noko grøftesprenging må påreknast - særleg i øvre del av trasèen. I deler av trasèen er det skog som må ryddast. Det vert nok naudsynt med eit ryddebelte på ca. 12 meter. I nedre del kryssar røyrkata eit beiteområde og innmark på sørsida av fylkesveg 615. I dette området er det ei bratt helling på ca 30% ned mot kraftstasjonen. I denne hellinga må røyret forankrast i lengderetninga ved hjelp av nedgrave betongfundament og strekkfaste skøytar nedstrøms fundament. Elles er trasèen prega av moderat stigning og stort sett greie byggeforhold.

Det er svært vanskeleg å plassere kraftstasjonen slik at avløpet kan førast tilbake til Storelva ovafor gytestreking. Mellom den tenkte plasseringa av stasjonen og utløpsosen til Storelva er det ein markant fjellrygg som vert vanskeleg å passere. Då måtte stasjonen plasserast høgare i terrenget, med påfølgande tap av fallhøgde. Plasseringa av røyrkata er vist i Vedlegg 3.

## **Tunnel**

Det vert ikkje noko tunnel i samband med denne utbygginga.

### **2.2.6 Kraftstasjon**

Kraftstasjonen vert plassert på kote 127 ved Storefjorden i nærleiken av det gamle private kraftverket som var i bruk fram til midten av 1950-åra.

Avløpsvatnet frå stasjonen vert ført ut i vatnet i nedgrave avløpsrør til under to meter av normalvasstand, grunna fare for erodering når Storefjorden er regulert ned i vinterhalvåret.

Kraftstasjonshuset får eit areal på ca. 50 m<sup>2</sup> og enkel utforming med mønetak og utvendig kledning av grovt trepanel. I uteområdet ved kraftstasjonen vert det eit oppgrusa område på ca. 100 m<sup>2</sup>. Det er planlagt installert ein Pelton turbin med effekt 1,2 MW og slukeevne 0,82 m<sup>3</sup>/s og ein lågspenninggenerator på 1,35 MVA. Det blir vidare installert ein hovudtransformator med effekt 1,35 MVA og omsetning frå generatorspenning (lågspenning) til 22 kV. Dei oppgjevne data for installasjonen er omtrentlege og kan bli endra etter at det er innhenta tilbod. Spenningsnivået (lågspenning) på utstyret og andre tekniske detaljer blir ikkje bestemt før det er innhenta tilbod, fordi leverandørane har ulike konsept for slikt utstyr.

## 2.2.7 Køyremønster og drift av kraftverket


Det er ikkje planar om effektkøyring av anlegget. Magasinet i Solheimsvatnet er tenkt nytta som fordrøyingsmagasin for å auke tal driftstimar. Ein ser for seg at dersom ein nyttar det gamle magasinet i Solheimsvatnet, kan ein auke utnyttingsgraden med vel 10 %. Dette kan vere viktig for å forsvare investeringane.

## 2.2.8 Vegbygging

Den eksisterande stølsvegen som går frå fylkesveg 615 til Solheimstøylen, har ei forgreining til Solheimsvatnet, nytta som skogsveg. Denne vil bli noko utbetra og nytta som tilkomstveg til inntaksdammen. I tillegg må det byggast kring 300 meter ny veg med breidde 5m frå vegslutt ved nordsida av Solheimsvatnet til inntak søraust for vatnet.

Det må også byggast 300 meter tilkomstveg med breidde 5m frå eksisterande avkøyring frå fylkesveg 615 til kraftstasjon ved Storefjorden. Denne vegen er planlagd slik at den kan nyttast til transport i anleggstida og seinare tilsyn med anlegget.

I tillegg skal det byggast anleggsveg langs tilløpsrøret. Denne får ei samla lengde på 1400m, og vil også få breidde på ca. 5m. Mesteparten av anleggsvegen vert tilbakeført til naturen og vil bli lite synleg etter anleggsfasen. Unntaket er den øvste delen av anleggsvegen som er tenkt liggande som skogsveg.



Figur 5: Nye vegar

## 2.2.9      **Massetak og deponi**

Tiltaket medfører ikkje behov for uttak eller deponering av masser.

## 2.2.10      **Nettilknytning (kraftlinjer/kablar)**

Eigaren av kraftverket er utan naudsynt elektroteknisk kompetanse og vil inngå avtale med SFE Nett AS om bygging og drift av høgspenjanlegget, sjå Vedlegg 8.


### **Kundespesifikke nettanlegg**

Det vil vere behov for ein ca. 0,4 km jordkabel med nominell spenning på 22 kV frå kraftverket til noverande nett. Kontaktpunkt til eksisterande linjenett vert transformatorstasjon på Solheim der fylkesveg 615 kryssar Storelva, sjå Vedlegg 3.

### **Anna nett/ forhold til overliggjande nett**

Når det gjeld kapasitet på linenettet og eventuelle behov for opprustning av distribusjons- og regionalnett som kan følgje av prosjektet viser ein til skriv frå SFE Nett AS, sjå Vedlegg 8.

Konklusjonen her er at i 22kV-linja som går gjennom Solheim til Sagefossen, vil det vere nettkapasitet for det planlagde kraftverket med installert effekt inntil 1,2 MW.



*Bilde 3: Restar av gammal dam i Solheimsvatnet.*



## 2.3 Kostnadsoverslag

Kostnadsoverslag, prisnivå referert 2014:

<b>Solheim kraftverk</b>	<b>NOK</b>
<b>Grunn</b>	
Ny veg inntak 300 m	115.000
Ny veg til kraftstasjon 200 m	90.000
Grunnarbeid inntak og dam	170.000
Komplett rørgrøft inkl. montasje av rør 1400 m	2.400.000
Kraftstasjonstomt med avløpskanal	115.000
Opparbeiding og gjennfylling av grøft for høgspentkabel	115.000
<b>Betongarbeider Dam</b>	
inntak	1.150.000
Kraftstasjonsfundament med avløpskanal	520.000
Forankring og bend	85.000
Tømrerarbeid	
Kraftstasjonsbygg	570.000
Lukehus/ventilhus	60.000
<b>Maskin og elektro</b>	
Turbin, generator og hjelpeanlegg	3.560.000
Løfteutstyr	85.000
Rørbrotsventil	170.000
Rist inntak	35.000
Konus inntak	60.000
Rørbend	60.000
Duktile rør K9 DN 610 1400 m	2.000.000
Husinnstallasjon	60.000
Straum og fiberkabel til inntak m trafo i inntak	70.000
<b>Høgspentanlegg</b>	
Komplett høgspernanlegg m/ferdig lagt høgspernkabel	1.040.000
Nettilknytning anleggsbidrag	230.000
<b>Diverse</b>	
Kontroll av prosjektering tryggleiksklasse	85.000
<b>Delsum</b>	
	<b>12 845.000</b>
Uforutsett	1.300.000
Prosjektering og byggeleing	900.000
Byggelånsrenter, diverse	900.000
<b>Sum byggekostnader</b>	<b>15 945 000</b>
<b>Produksjon, simulert 3,742 GWh Byggepris (kr/kWh)</b>	<b>4,26</b>

## 2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket

### Fordelar

Årleg produksjon for Solheim kraftverk er berekna til om lag 3,74 GWh. Fordelane ved tiltaket er difor i første rekke miljøvennleg kraftproduksjon, og dermed inntekter til rettighetshavarane.

I framtida vil utbygginga gje tilleggsinntekter til eigarane. Dei fleste av desse er bønder eller deltidsbønder på Solheim, jamfør oversikt over grunneigarar/fallrettseigarar, vedlegg pkt1.1.

Gardane på Solheim er brattlente med etter måten dårleg arrondering. Difor er det venta at kraftutbygginga skal tryggje den framtidige busetnaden i bygda.

I anleggsperioden vil tiltaket gje ringverknader og skape næringsmessige aktivitetar for utbyggjarar.

### Ulemper

Redusert vassføring i Storelva.

Liten til middels negativ konsekvens for biologisk mangfald, sjå Vedlegg 9:

*Miljørapport/kartlegging av biologisk mangfald.*

## 2.5 Arealbruk og eigedomsforhold

### Arealbruk

Areal som vert nytta ved prosjektet:

Storleik og plassering av naudsynte areal som skal nyttast skildrast (inntaksdam/magasin, røyrtasé, kraftstasjon, kraftline/kabel, vegar, med meir), jf. òg kap. 2.2.9. Arealbruk teiknast inn på kart.

Inngrep	Mellombels arealbehov (daa)	Permanent arealbehov (daa)	Ev. merknadar
Reguleringsmagasin	85	85	Tidlegare neddemt areal
Overføring	0	0	
Inntaksområde	0,8	0,4	
Røyrgate/tunnel (vassveg)	17,0	0	Nedgravd/tildekka i heile lengda

Riggområde og sedimenteringsbasseng	0	0	Vert i tilknytting til stasjons- og inntaksområdet
Vegar	3,0	3,0	
Kraftstasjonsområde	0,4	0,25	
Massetak/deponi	0	0	
Nettilknytting	0,5	0	Nedgravd jordkabel

### Eigdomsforhold

Det er til saman 14 fallrettseigarar i prosjektet. Det er semje mellom eigarane av fallet om at dei ønskjer ei utbygging, og det er avtalt å søkje konsesjon.

Fordelinga av fallrettane i Storelva er avgjort av Nordfjord jordskifterett ved vedtak av 19.12. 2007. Under jordskiftesaka såg ein nærare på kor store areal som vart lagt under vatn ved ei oppdemming på 2 m. Oppdemt areal på dei ulike bruka var med på å påverke fallandelen deira i prosjektet. Det vert elles vist til pkt 1.1 over, og Vedlegg 7: *Oversikt over råka grunneigarar og rettshavarar.*

## 2.6 Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar

### Kommuneplanar

I kommunen sin arealplan er området disponert til landbruk, natur- og friluftsområde (LNF). I fylkeskommunen sin delplan for arealbruk er området ikkje disponert for spesielle føremål.

### Samla plan for vassdrag:

Ingen Samla Plan-prosjekt blir berørt.

### Nasjonale laksevassdrag:

Ingen nasjonale laksevassdrag blir berørt.

### Andre verneplaner:

Det føreligg ingen andre verneplaner eller spesielle restriksjonar for området.

**EU vassdirektiv:**

Vassdraget er ikkje nemnd i vedtekne forvaltningsplanar etter vassforvaltningsforskrifta ([www.vannportalen.no](http://www.vannportalen.no))

**Inngrepsfrie naturområder (INON):**

Tiltaket vil ikkje medføre endringar for inngrepsfrie områder.

Det føreligg ingen andre verneplaner eller spesielle restriksjonar for området.



*Bilde 4: Beitemark og slåttemark langs Storelva.*


### 3 Verknader for miljø, naturressursar og samfunn

#### 3.1 Hydrologi (verknader av utbygginga)

##### Noverande situasjon:

Kraftverket får eit nedslagsfelt på 4,1 km<sup>2</sup> og normaltilsiget er berekna til 0,41 m<sup>3</sup>/s som gjev eit årstilsig på 12,93 mill m<sup>3</sup>. Alminneleg lågvassføring er rekna til 0,015 m<sup>3</sup>/s og medel restvassføring oppstrams kraftstasjonen er 0,07 m<sup>3</sup>/s.

Nedslagsfelt	4,1 km <sup>2</sup>
Normaltilsig	100 l/s km <sup>2</sup>
Årstilsig	12,93 mill m <sup>3</sup>




Figur 6: Kart som viser nedbørfeltet til Solheim kraftverk

5-persentil sommarvassføring/vintervassføring er utrekna til 0,015/0,010 m<sup>3</sup>/s.

	År	Sommer (1/5 – 30/9)	Vinter (1/10 – 30/4)
Alminnelig lavvannføring (m <sup>3</sup> /s)	0,015	-----	-----
5-persentil (m <sup>3</sup> /s)	-	0,015	0,01
Planlagt minstevannføring (m <sup>3</sup> /s)	-	0,015	0,01

*Karakteristiske vassføringar i lågvassperioden og planlagd minstevassføring*




Figur 7: Plott som viser variasjonar i vassføring frå år til år.

**Kraftverket si største og minste slukeevne:**


	Maks	Min
Kraftverket si slukeevne (m <sup>3</sup> /s)	0,82	0,08

**Talet på dager med vassføring større enn maksimal slukeevne og mindre enn minste slukeevne tillagt planlagt minstevannføring i utvalgte år, etter utbygging:**


	Tørt år	Middels år	Vått år
Antall dager med vannføring > maksimal slukeevne	6	23	40
Antall dager med vannføring < planlagt minstevannføring + minste slukeevne	351	327	297



Figur 8: Plott som viser vassføringsvariasjonar i et tørt år (før og etter utbygging)



Figur 9: Plott som viser vassføringsvariasjoner i et middels år (før og etter utbygging)



Figur 10: Plott som viser vassføringsvariasjonar i et vått år (før og etter utbygging)

Magasinet i Solheimsvatnet er tenkt nytta som fordrøyingmagasin for å auke tal driftstimar. Magasinet er forholdsvis lite, men vil kunne ha ein utjamnande effekt på flomvassføring.



Ein ser for seg at ved å nytte det gamle magasinet i Solheimsvatnet kan ein auke utnyttingsgraden med vel 10 %.

### **3.2 Vassstemperatur, istilhøve og lokalklima**

#### **Noverande situasjon:**

Vassføringa i Storelva varierer sterkt avhengig av nedbør og snøsmelting.

Elva renn open delar av vinterhalvåret, og er berre islagd under langvarige kuldeperiodar. Det er ikkje isgang eller frostrøyk slik elva renn naturleg - dette fordi terrenget er stort sett bratt.

#### **Anleggsfasen:**

Elva vil renne naturleg, og situasjonen vil ikkje endre seg.

#### **Driftsfasen:**

Vassføringa vil verte vesentleg redusert. Ein del av vinterhalvåret vil vassføringa vere så liten at kraftverket ikkje vil vere i drift. Fråføring av vatn vil medføre at ved snøsmelting vil vassstemperaturen auke litt i elva. Dette kan også gje marginalt auka lufttemperatur i nærområda til elveleiet. Minstevassføring og tilsig frå restfeltet vil til ein viss grad motverke dette. Istilhøva er rekna for å bli lite påverka av utbygginga. Dette fordi store deler av elveleiet er prega av jamt bratt fall med liten isproduksjon, medan dei flatare områda er prega av dammar og små tersklar, slik at det vassdekte arealet vil endre seg lite.

Istilhøva på Storefjorden nedanfor planlagd kraftstasjon er vanlegvis svært usikre. Dette fordi vatnet er regulert av Sogn og Fjordane Energi, med nedtapping inntil to meter i vinterhalvåret. Det vesle utsleppet frå kraftstasjonen vil ha liten innverknad på dette.

Ovanfor inntaksstaden vil Solheimsvatnet kunne bli heva opptil ein meter i forhold til normalvasstand i dag. Dette har vore den vanlege tilstanden i store deler av 1900-talet, jamfør pkt. 2.1.1, og vil ha liten innverknad på lokalklima og istilhøve.

Generelt vil nok utbygginga av Solheim kraftverk føre til minimal innverknad på vassstemperatur, istilhøve og lokalklima.

### **3.3 Grunnvatn**

Elva renn på fjell og storsteina botn, og utbygginga vil ikkje ha nemnande konsekvensar for grunnvasstanden i området.

Grunnvassressursane i området er ikkje kartlagde, men det er ingen grunn til å tru at desse vert forandra eller forverra pga. denne utbygginga.

### 3.4 Ras, flaum og erosjon

Kraftverket sin maksimale slukeevne er 0,82 m<sup>3</sup>/s, og største registrerte flaumvassføring er 5,5 m<sup>3</sup>/s i 1989. Utbygginga vil ha ein svak flaumdempande effekt.

Flaumar i vassdraget er vanlegast om hausten i regnperiodar. Men også vassføringa på våren/forsommaren kan vere nokså stor på grunn av snøsmelting.

Elveløpet er stabilt og prega av fjellgrunn og stor stein, det er derfor ikkje venta konsekvensar for erosjon.

Ingen delar av utbyggingsområdet ligg i rasutsette område. Det er heller ikkje registrert potensiell fare for steinsprang, snøskred eller kvikkleire. Det er ingen registrering av slikt i NVE sitt Skredatlas. Det har heller ikkje vore registrert rashendingar eller flaum så langt som innbyggjarane på Solheim kjenner til.

### 3.5 Raudlistearter

På vegne av tiltakshavar har firmaet *Rådgivende Biologer AS* ved cand.real./biolog Ole Kristian Spikkeland, dr. scient. Per G. Ihlen og cand. scient. Bjart Are Hellen gjennomført registreringar og vurdert verknader på det biologiske mangfaldet i tilknytning til det planlagde kraftverket.

Rapporten er utarbeidd for å oppfylle dei krav som Norges vassdrag- og energidirektorat (NVE) stiller til dokumentasjon av biologisk mangfald og vurdering av konsekvensar ved bygging av småkraftverk. Kontaktperson i Gloppen kommune har vore Bjørn Aurlien.

Av rapporten går det fram at følgjande raudlista arter er knytt til eller kan førekomme i tiltaksområdet: Strandsnipe (NT), fiskemåke (NT), vipe (NT), stær (NT), oter (VU) og hønehauk (NT). Dei to sistnemnde er ikkje observert i området. Lokalkunnskap tilseier at det er svært lite sannsynleg at oter kan forekomme i Storelva, då denne aldri har vore observert så langt oppe i vassdraget.

Alle desse dyreartane er vurdert til å kunne tilpasse seg dei endringane som redusert vassføring og terrenginngrep vil ha å seie for livsvilkåra. Gubbeskjegg (NT) vil vere mest utsett for skogbruk/arealnedbygging i øvre del av utbyggingsområdet. Men redusert vassføring i Storelva er forventa å ha middels negativ konsekvens for bestanden av fossefall.

Det er ikkje indikasjonar på bestandsforhold som kvalifiserer til raudlisting av fossefall.

Her er det peika på konkrete avbøtande tiltak.

Raudlisteart	Raudlistekategori	Funnstad	Påverknadsfaktorar*
Strandsnipe	NT	Elvar og vatn	Påverknad utanfor Norge
Fiskemåke	NT	Storefjorden og streif	Påverknad frå stadeigne arter. Menneskleg forstyrring. Hausting
Vipe	NT	Dyrka mark	Påverknad på habitat. Påverknad utanfor Norge
Stær	NT	Kulturlandskap	Påverknad på habitat. Påverknad utanfor Norge
Hønsehauk	NT	Streif	Hausting. Påverknad på habitat.
Gubbeskjegg	NT	Øvre del av Tiltaksområdet	Påverknad på habitat.

Konklusjon frå Konsekvensvurdering for biologisk mangfald:

- *Tiltaket gir liten til middels negativ virkning på rødlisterarter.*
- **Middels verdi og liten til middels negativ virkning gir liten til middels negativ konsekvens (-/-) for rødlisterarter.**

### 3.6 Terrestrisk miljø

Gloppen kommune har føreteke ein overordna biologisk mangfaldkartlegging av heile kommunen (Gaarder 2002). Verken her eller i Naturbasen (DN 2008), fins det kartfesta informasjon om ”prioriterte naturtypar” innan planområdet eller nedbørsfeltet til Storelva.

Heller ikkje Flåten (1992) fann verdifulle kulturlandskap eller kulturmarkstyper i denne delen av Gloppen kommune.

Området er skogkledd med bjørk og furu som vanlegaste treslag. I tillegg er det ein del granplantefelt og myrområde. I det nedre partiet er det ekstensiv beite- og slåttemark med spreidde innslag av blandingslauvskog. Det er ikkje registrert verdifulle naturtypar eller trua vegetasjonstypar i planområdet.

Redusert vassføring i Storelva kan få negativ innverknad på dei tre naturtypane fossesprøytzone, bekkekløft og bergvegg og viktige bekkedrag. Det er ikkje planlagd varige arealbeslag i desse lokalitetane. Den nedgravne vassvegen vil når røyr gata er tildekt og revegetert ikkje ha noko påverknad på naturtypen.

Faunaen i tiltaks- og influensområdet er middels rik, og er prega av ein god hjortebestand, samt rev, hare, røysekatt, mår og diverse smågnagarar. Dei planlagde inngrepa er vurderte til å lette hjortedyra sin kryssing av Storelva i flaumperiodar.

Tiltaket vil gje redusert vassføring i Storelva mellom Solheimsvatnet og utløpet i Storefjorden (ca 1600 m elvestrekning). Dette kan forventast å forverre hekkesituasjonen for fossefall som fins i nedre del av vassdraget. Planlagd minstevassføring i sommarhalvåret og avrenning frå restfeltet vil vere viktig for å dempe skadeverknadene. Dette vil også trygge leveområda for karplanter, lav- og moseflora, fisk og andre organismegrupper som er nær knytte til kulpar, fossar og stryk. Som eit avbøtande tiltak for å sikre hekkeforholda til fossefall, vil det bli sett opp eigna reirkasser nær fossefall.

Terrenginngrep som etablering av inntaksarrangement ved Solheimsvatnet, bygging av kraftstasjon med utløpskanal, tilkomstvegar til inntaksområde/dam og kraftstasjon, samt legging av jordkabel frå kraftstasjon til 22 kV linje, er venta å berre gje moderate negative konsekvensar for det biologiske mangfaldet. Også bygging av overdekkta rørgate vil ha moderate negative konsekvensar for mangfaldet. Traseén går gjennom fattig furuskog med innslag av myr i dei høgareliggende områda, og beite- og slåttemark som er omkransa av blandingslauvskog i dei nedre partia. Det er ikkje registrert spesielt viktige biologiske mangfaldsverdiar i det berørte området. Ulempene vil vere størst under og like etter anleggstida.

Samla sett er det terrestriske miljøet vurdert til middels verdi,

Konklusjon frå Konsekvensvurdering for biologisk mangfald:

- *Tiltaket gir samla middels negativ virkning på terrestrisk miljø.*
- **Middels verdi og middels negativ virkning gir middels negativ konsekvens (--) for terrestrisk miljø.**

### 3.7 Akvatisk miljø

Det finst ein del småfallen bekkeare i Storelva og Solheimsvatnet. Denne ressursen har ikkje vore nytta sidan midten av 1960-tallet, då den gamle demninga vart sprengt. Etter dette vart kvaliteten på fisken kraftig redusert.

Redusert vassføring i Storelva vil kunne redusere den biologiske produksjonen og gje mindre næringstilgang. Dette kan gje ein liten endring i arts samansetninga av vassorganismar, men det er ikkje venta betydeleg forskjell. Medan auka reguleringshøgde i Solheimsvatnet vil gje tilgang på gode beiteområder og gje betre fiskekvalitet. Det er kjent at fiskeproduksjonen i Solheimsvatnet var både større og av ein betre kvalitet då den gamle dammen var i funksjon fram til tidleg på 1960-talet. Gyteplassane for aurebestanden i vatnet vil ikkje verte påverka av reguleringa, då inngåande vassløp vil vere uendra.

I anleggsfasen vil avrenning frå anleggsverksemd kunne gje kortvarig negativ verknad på fisk i Storelva, men denne ulempa er vurdert til å vere liten.

Konklusjon frå Konsekvensvurdering for biologisk mangfald:

- *Tiltaket gir middels negativ virkning på akvatisk miljø i driftsfasen.*
- **Middels verdi og middels negativ virkning gir middels negativ konsekvens (--) for akvatisk miljø.**

### 3.8 Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevasdrag

Det omsøkte tiltaket har ingen innverknad på vassdrag som er verna etter Verneplan for vassdrag eller beskytta som Nasjonale laksevasdrag.

Konklusjon frå Konsekvensvurdering for biologisk mangfald:

